

Dette vart sendt ut som pressemelding 22.04.2020, ein nesten lik ordlyd vart sendt 21.04.2020 til Kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby og Barne- og familieminister Kjell Ingolf Ropstad.

Kalvåg 22.04.2020

Ulik foreldrebetaling i barnehagar!

Norges Kvinne- og familieforbund er gjort kjent med at det er ulik praksis med foreldrebetaling i barnehagar rundt omkring i landet, no i denne koronavirus-pandemi tida. Nokre betalar for dei timane som barnehagen er open, andre må betale full pris for 100% plass. Dette er ulikt rundt omkring, nokre har berre opent fire timar, medan andre har opent sju timar pr. dag. I tillegg så må ein betale kostpengar samstundes som ein må ha med matpakke sjølve. Dette meiner vi er veldig urett for dei foreldra som berre får tilbod om fire timer opningstid i barnehagen, og dermed ikkje har moglegheit til å jobbe 100% sjølve. Det er heller ikkje rett for alle dei som no er permittert eller har mista jobben å skal betale for full barnehageplass, når inntekta har gått ned.

Vi ber om at regjeringa lager ein felles retningsline for alle barnehagar i landet, på lik line med andre felles vedtak de har gjort. Dette for at det skal verte likt for alle uansett kvar ein bur, og om ein har privat eller kommunal barnehageplass.

Med venleg helsing
Norges Kvinne- og familieforbund

Aina Alfredsen Førde
forbundsleiar